

Fra: Monrad Kolstad (monrad.kolstad@online.no)

Sendt: 13.09.2017 22:03:15

Til: Postboks, HFD, Postmottak Helse Førde

Kopi:

Emne: Bekymringsmelding frå Førde Pensjonistlag

Vedlegg:

Som sak 64/2017 hadde Førde Pensjonistlag oppe ei sak om stoda på Førde Sentralsjukehus, sjå nedanfor:

Skal Sentralsjukehuset i Førde bli eit lokalsjukehus for Førde-regionen? Jfr. oppslag i Firda 12.8.17 side 4 og tysdag 15.8.17 side 10. Kva gjer Pensjonistlaget oppe i dette? Saka bør vel engasjere oss pensjonistar!!

Vedtak:

Styret er blitt kjent med oppslag i Firda, der Legeforeninga i S&F m.fl. er uroa på at fleire utfordringar innan spesial-helsetenesta vert overført til Haukeland sjukehus i Bergen og at Førde Sentralsjukehus snart vert om-definert til lokalsjukehus.

Dersom utviklinga er slik, vil Førde Pensjonistlag protestere på det sterkaste og ber Styret i Helse Førde styre utviklinga innan helsesektoren slik at Sogn og Fjordane får behalde sitt Sentralsjukehus med dei spesialhelsetenestene det er trong for. Dette er ei viktig sak for alle innbyggjarane i Sogn og Fjordane. Vi har sett nok av sentraliserings-iveren på fleire område.

Vi vil og gje ros til Førde Sentralsjukehus – leiing og det utførande personalet for det flotte arbeidet de gjer for oss som er dykkar pasientar, vi ynskjer at dykk held fram med dette, vi er stolte av dykk!!!

Med helsing frå styret i Førde Pensjonistlag.

Monrad Kolstad

Styreleiar

Ekornlia 34

6814 Førde

Tlf. 95730630